



›6 Barn, familie og helse

Drift

	6 BARN, FAMILIE, HELSE	Regnskap	Buds(end)	Budsjett	Regnskap
Teneste	Alle tal i heile 1 000	2021	2021	2021	2020
1260	SAKSBEHANDLING - FELLES	106	132	132	101
2111	STYRKA TILBOD TIL FØRSKOLEBARN	874	2 123	2 123	1 193
2120	GRUNNSKOLE	2 151	1 360	1 360	2 588
2130	VAKSENOPLÆRING	223	597	597	208
2320	FØREBYGGING HELSESTASJONS- OG SKULEHELSETENESTE	5 024	5 426	5 426	5 433
2330	FOREBYGGANDE ARBEID, HELSE- OG SOSIAL	708	754	754	688
2340	AKTIVISERING AV ELDRE OG FUNKSJONSHEMMA	1 391	1 216	1 216	1 046
2410	DIAGNOSE OG BEHANDLING	14 412	14 313	11 813	12 335
2411	FYSIO-/ERGOTERAPITENESTE	4 887	4 386	4 386	4 435
2412	PSYKISK HELSEVERN	1 394	747	747	802
2413	FRISKLIVSSENTRAL	1	-	-	-
2420	SOSIAL RÅDGJEVING OG VEILEDNING	- 103	- 72	- 72	- 109
2421	FLYKTNINGKONTOR	1 142	1 082	1 082	1 082
2440	BARNEVERNTEENESTE	4 703	5 535	5 535	4 813
2510	BARNEVERNILTAK I FAMILIEN	3 386	1 705	1 705	3 420
2520	BARNEVERNILTAK UTANFOR FAMILIEN	3 453	5 658	5 658	4 200
2540	PLEIE, OMSORG, HJELP TIL HEIMEBUANDE	2 293	2 570	2 570	3 129
2750	INTRODUKSJONSORDNINGEN	1 468	3 140	3 140	2 803
	Sum gruppeansvar: 6 BARN, FAMILIE, HELSE	47 513	50 673	48 173	48 168

Økonomi

Ramme 6 Barn, familie og helse viser eit rekneskap med mindreforbruk kr 3,1 mill for 2021. Mindreforbruket skuldast mellom anna innsparingstiltak ved å halde stillingar vakante i fleire tenester i eininga. PPT, helsestasjonen og tildelingskontoret leverte eit samla mindreforbruk med kr 1 137 000. Barnevernstenesta og barnevernstiltak har eit samla mindreforbruk med kr 1 356 000. Introduksjonsordninga viser eit mindreforbruk kr 1 672 000, dette grunna at vi tok i mot færre flyktningar enn budsjettert. Kommunen tok i mot 7 av vedteke 10 flyktningar. Denne må sjaast i samanheng med budsjettert inntekter kommunen får til mottak av 10 flyktningar som ligg i anna rammeområde.

Teneste diagnose og behandling, legetenesta, har i fleire år levert eit rekneskap med meirforbruk, men i 2021 var tenesta om lag i balanse. Tenestene fysio/ergo og psykisk helsetenester barn og unge leverte eit meirforbruk i 2021.

Eininga har i løpet av dei tre siste åra redusert samla bemanning med 8 stillingar. Reduksjonen har hatt innverknad på alle tenesteområder.

Eining barn, familie og helse har levert positiv balanse i rekneskap 2021. Eininga har evna til omstilling og levert tenester av god fagleg kvalitet innan stramme økonomiske rammer og utfordringar som pandemien har gitt. Fastlegeordninga som er krevjande i mange kommunar i landet, har vore stabil i Giske kommune i 2021.

Dei største utfordringane for eininga i 2021:

- Fleire stillingar i tenestene har stått vakant i store deler av året for å nå målet om innsparing, Dette har ført til stor belastning på dei tilsette og leiarane. I tillegg kom handtering av pandemien.
- Rekruttere og behalde fagpersonell.
- Tilstrekkelege ressursar til å løyse lovpålagde oppgåver.
- Styrke den tverrfaglege og koordinerte innsatsen til utsette barn og unge.

Mål/resultat

Utfordringar/mål	kva er gjort	Resultat/effekt 2021
Opplevd god kvalitet i barnevernstenesta	Brukarundersøking er under arbeid	Mål om brukarundersøking er ikkje nådd
Kapasiteten i fastlegeordninga skal vere tilstrekkeleg til å sikre alle innbyggjarane fastlege gjennom heile 2021	Det er tilsett fastlegar i alle stillingane	Målet er nådd.
Betre koordinerte tenester og tydelege prioritering	Utarbeidd retningslinjer for gjennomføring av tverrfaglege møter og koordinatorrolla. Delta i og følgje opp arbeid i prosjektet "Betre tverrfagleg innsats (BTI)" og TALK. Felles verky for samhandling	Kontinuerleg arbeid. Plan er under arbeid.
Digitale søknader til omsorgstenestene	Grunna stor arbeidsmengde og få ressursar, har det ikkje vore kapasitet til å setje i verk arbeid med dette. Målet er ført vidare til 2022.	Målet er ikkje nådd
Sjukefråvær skal ikkje overstige 5%	Eininga har arbeidd kontinuerleg med tiltak gjennom heile året. Oppfølging og involvering av dei tilsette, særlig knytt til rolleklarheit og kompetanse. Har vore krevjande i ei tid med omstilling og kutt i tal årsverk og kutt i tenestene.	Målet ikkje nådd. Sjukefråvær 8%

Auke kompetanse innan bruk av teknologiske verkty og digitalisere fleire prosessar.	Nytte fullt ut dei verktya vi har.	Kontinuerleg arbeid.
Arbeid med å planlegge for barnevernsreform/oppvekstreform	Ei tverrsektoriell arbeidsgruppe vart sett ned for å planlegge for å i møte kome krava i reforma. Reforma treff både oppvekst og helse. Barnevernstenesta har arbeidd med dei delane som tenesta skal i møte kome.	Målet er nådd
Gjennomgang av ansvar og roller i tenesteytinga for å sikre brukarar med størst behov får hjelp. Sikre at vi greier å levere lovpålagte oppgåver	Gjennomført arbeid	Målet er nådd
Rutiner for månadsvis rapportering frå avdelingsleiar	Rutiner for månedlege rapportering til einingsleiar er innført.	Målet er nådd
God økonomistyring	Avvik i % av vedtatt netto driftsramme. Eininga har rapportert status kvar månad og ei meir utfyllande rapportering ved kvart tertial. Eininga har arbeidd med å gjennomføre vedtekne driftstiltak og utført andre tiltak i tillegg.	Målet er nådd. Mindreforbruk kr 3,1 mill

Korona

Mykje av dei samla ressursane har gått til å handtere koronapandemien. Tilrettelegging av tenestetilbodet for å fylla smitteverkrav, har krevd ekstra ressursar. Tilsette har vist stor endrings- og løysingsvilje, ein har prøvd så langt som råd å ikkje la restriksjonane ramme sårbare og utsette brukarar av våre tenester.

Bærekraftsmål

Bærekraftsmål 3: God helse og livskvalitet. Hindre smittsomer sjukdommar, korona, har naturleg nok vore arbeidd veldig mykje med i 2021. Eininga har sett i verk ulike rutiner og retningslinjer og følgd nasjonale krav og føringar. Giske kommune har god dekking av allmenne helsetenester. Kommunen samarbeider med Helseføretaket, politiet og kommunane rundt for å møte utfordringar på best måte. Giske kommune har eit godt samarbeid med Giske kommunale legesenter for å yte best mogleg samanhengande tenester.

Bærekraftsmål 17: Samarbeid for å nå måla. Prosjekt "Betre tverrfagleg samhandling" og "TALK" er viktig arbeid mellom oppvekst, helse og omsorg. Elles samarbeider tenestene både internt i eininga og med tenester i andre sektorar.

Kostratal 2020

Kostratal vert presentert under tenesteområda.